



## **DEN NORSKE KYRKJA** **Bjordal og Ortnevik sokneråd**

### **Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd** **tysdag 31.08.21 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.**

Tilstades: Sissel Sørebo, Karl Hjelmeland, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo og sekretær Ann Iren Østerbo.

I tillegg var Toril Lange med for å informere om trusopplæring og konfirmantarbeid 2021/ 2022.

Fråverande: Kenneth Førde, Åge Østerbo og vara Jon Nesheim

Opningsord - dagens tekst ifrå Mika kap. 6 i bibelleseplanen v/ Karl.

Innkallinga vart godkjent.

#### **Meldingssaker :**

18/21 Info frå sist fellelrådsmøte v/Sissel :

Arbeide for samordning av sanitærtilbygg med eventuelt brannbygg ved parkeringsplassen til Ortnevik kyrkje.

Det kan bli nytt kontorlokale for kyrkjekontoret i sentrum av Høyanger.

19/21 Dei koronarestriksjonane som gjeld no – 1 m avstand og anna kvar benk i kyrkjene.

20/21 Gåve til Ortnevik kyrkje - skåp laga av Lars Norevik er no plassert i dåpssakristiet. Gåva er gitt av oldebarn til Lars som skulle selje eit småbruk i Ortnevik. Joar takkar familien på facebook.

21/21 Pussing av lysekrona i Bjordal kyrkje onsdag 1.sept. – Sissel har avtala med 4 personar om å hjelpe med dette.

22/21 Referat frå møte om Helgestunder v/Sissel. Lokalt stoff til neste blad som kjem i oktober :

Intervju med Håkon Osland, bilete frå olsokgudst. på Sande og frå dåp i Bjordal, takk til Tore Osen for song på friluftsgudst. på Sørebo, notis om familiesamling i Ortnevik 24. okt. og markering av 150 års jubileet til misjonslaget 7. nov.

23/21 Det skal lagast verdibergingsplan for kyrkjene i tilfelle brann – kyrkjevevje og kyrkjetenarane har ansvar for dette og arbeidet har starta.

#### **Sakliste**

##### **Sak 31/21 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 4.mai.**

**Vedtak:** Møteprotokoll frå 4. mai vart godkjent.

##### **Sak 32/21 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :**

- Ei fin hyggestund på Bygdetunet med markering av frigjeringsdagen 8. mai for bebuarar og medverkande: Sissel, Mari-Ann og Olav Bjordal
- Konsert med Rune Alver i Bjordal kyrkje 17. mai – 25 personar. Tale ved Geir S. Sølvi Gunn representerte 17. maikomiteen. Fleire kom til kl. 12.00 då nasjonalsongen vart sunge ute.
- Gudsteneste Ortnevik 17. mai – 31 personar.
- Møte i trusopplæringsutvalet på Massnes 18. mai – Toril, Mari-Ann, Sissel og Ann I. drøfta og planla opplegg for hausten samt innspel til utlysinga av kyrkjelydspedagogstillinga.
- Gudsteneste i Bjordal 24. mai – 17 personar.
- T- dag i grillhytta i Oslandslia 8. juni vart avlyst - ingen påmelde innan fristen.
- Dåpsgudsteneste i Ortnevik lørdag 12. juni – 2 born - 45 personar.

- Friluftsgudsteneste på Sørebø v/Geir S. 20. juni – 41 personar. Tore Osen spelte gitar og song eigne songar. Natursti, kyrkjekaffi og muligheit for å grille. Ein kjekke dag.
- Gudsteneste i Bjordal 11. juli – 9 personar.
- Sommarkonsert i Ortnevik kyrkje 24. juli i høve feiring av to 60 års dagar – song og diverse instrumentalmusikk – ca 45 personar tilstades.
- Friluftsgudsteneste på Sande 29. juli – 25 personar. Teologistudent Maria Othilie Georgsen var prest. Det vart regn under gudstenesta, men det letta opp og vart sol under kyrkjekaffien. Eigar Ruth hadde ikkje muligheit til å vere med, ho fekk seinare ei konfekteske frå soknerådet som takk for at vi får vere der og for at ho steller så fint i stand.
- Dåpsgudsteneste i Ortnevik 1. august v / Maria - 44 personar.
- Dåpsgudsteneste i Bjordal 7. aug. v/ Karl - 29 personar.
- Konfirmantpresentasjon i Bjordal 22. aug. – 36 personar. Sissel yngste Karl Hjelmeland velkommen og overrekte jubileumshefte for Bjordal- og Ortnevik kyrkje.
- God helg v/Geir Sørebø på nett.

### **Sak 33/21 Trusopplæring i Bjordal og Ortnevik sokn.**

Dokument er formulert av trusopplæringsutvalet og sendt kyrkjeverja i juni.

Soknerådet drøfta planen med Toril Lange.

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner rapporten om trusopplæring.

### **Sak 34/21 Halvårsplan for hausten.**

Sissel hadde ein rask gjennomgang av opplegg for kommande halvår.

Dette vart diskutert:

- Karl kontaktar Monika på Bygdetunet for å avtale andaktar når det høver.
- Konfirmasjon 5. sept. – Sissel har skriva helsing til konfirmantane og deler ut hefte og rose i Bjordal. Joar deler ut i Ortnevik. Familiane skriv smitteliste. Sissel og Sølvi – Gunn er kyrkjevert i Bjordal. Ann Iren høyrer med Gerd eller Gunvor i Ortnevik.
- Familiesamling i Ortnevik 24. okt. kl. 15 v/ Toril, Karl og Ole.  
Sissel lagar kanelbollar. Vi har i tillegg litt frukt, kaffi og saft; og ein kan prate ilag. Informasjon sendast familiane - opplegget er tilpassa dei minste; men alle er velkommen. Det er fint om ein personleg inviterer dei frå andre land som har barn som ikkje er døypt. Det blir innsamling til tv-aksjonen som er same dag.
- Helgemessesøndag 7. nov. - Karl ser på invitasjonen som sendast til næraste pårørande. Brev må sendast ut i god tid. Konfirmantane kan vere med å tenne lys. Denne dagen markerer vi også at Bjordal Misjonslag er 150 år i år. Det blir kyrkjekaffi – Ingunn bakar sjokoladecake og i tillegg kjøpast det inn litt lefse.
- 12. des. kl. 17 prøver vi med julekonsert i Ortnevik.
- Kven som held julegudstenestene på sørsida må vi komme tilbake til, og evt. juletreff i Ikjefjord 2. juledag.

**Vedtak :** Soknerådet sluttar seg til planen for hausten 2021.

### **Sak 35/21 Gåve til konfirmantane.**

**Vedtak:** Soknerådet gir den lokale kyrkja sitt jubileumshefte, samt ei rose til kvar.

**Sak 36/21 Fordeling av oppgaver til hausttakkefest på Massnes 3. oktober kl. 12.00.**

**Vedtak:** Vi serverer trøndersodd m/rundstykke og kaffi/kake.

Desse har ansvar: Mari-Ann og Sissel handlar inn til middagen, Ann Iren tek med loddbøker og det andre som trengs til kaffien.

Ingunn bakar sjokoladecake og hjelper til på kjøkkenet saman med Mari-Ann og Ann Iren. Alf Magnar og konfirmantane kan hjelpe til med servering og loddsal.

**Sak 37/21 Bjordal misjonslag 150 år i 2021**

**Vedtak:** Det blir markering i gudstenesta i Bjordal kyrkje 7. november og på adventsmøte til foreininga på Bygdetunet i desember.

**Sak 38/21 Kyrkjeleg organisering på høyring**

Høyringa heiter: Samhandling i ei sjølvstendig folkekyrkje – ny kyrkjeleg organisering.

Dette er ei viktig sak for kyrkja, og vi er mange som kan gje høyringssvar. Noko av utfordringa er at kyrkja har to administrative linjer: prest-prost-biskop-bispedømmeråd, og alle dei andre tilsette blir stort sett tilsett i lokale fellesråd. Er ein positiv til at ein får eit fellesråd på prostnivå som kan ha ansvar for alle tilsettingane, samt personaloppfølging? På kirken.no finn vi mykje informasjon. Det er mulig å vere med på eit informasjonsmøte 27. okt.

Svarfrist er 1. des.

**Vedtak:** Dette er ei omfattande sak og soknerådet bestemte å vente til neste møte med å svare på høyringsspørsmåla.

**Sak 39/21 Møteplan vidare.**

**Vedtak:** Neste møte vert tysdag 26. oktober kl. 17-19 i Gamlebanken.

Litt info om trusopplæring/ konfirmantarbeid 2021/2022 v/ Toril :

Trusopplæring vart drøfta under sak 33/21 trusopplæring i soknet om dei ulike tiltaka.

Konfirmantopplegget : det er 5 konfirmantar dette året.

Karl og Toril har ansvar – dei vil tenke arbeidsbesparande – samarbeide med Lavik, Hyllestad og

Høyanger konfirmantar. Greitt for ungdommane med større grupper/ samlingar og litt lengre økter.

Nytte ” Saman – team ”frå Bergen på Alværa .

Ungdomskveld i Gamlebanken med Ole og Øyvind 5. november.

Konfirmantane vil elles vere med på weekend og nattcup.

Etter jul ca 1 samling i månaden på tysdagar.

Møtet vart avslutta med velsigninga v/ Karl.

Sissel Sørebo  
leiar

Ann Iren Østerbo  
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor  
Høyanger kyrkjekontor